


ÅRSMELDING 1987





FISKERIRETTLEIAREN

SANDE

VÅNYLVEN

VOLDA





FISKERIRETTLEIAREN
i Sande, Vanylven
og Volda

Utvalgt

FISKERIRETTLEIAREN I SANDE OG VANYLVEN
6084 LARSNES

DISTRIBUSJONSLISTE FOR ARSMELDING 1987.

Tildelt	Antal	1.oppl. 50 stk		
Sande Fiskerinemd	5			
Vanylven Fiskerinemd	5		Kvamsøy Skule	1
Volda Fiskerinemd	5		Sandsøy Skule	1
Volda Kommune v/Rådm.	10		Gjerdsvik Skule	1
Sande kommune --"---	10		Haugsbbygda Skule	1
Vanylven Kommune --"---	10 = 45		Vågen Skule	1
			Larsnes Skule	1
Landbrukskontoret Sande	1 ✓		Skredestranda Skule	1
Landbrukskontoret Vanylven	1 ✓		Aram Skule	1
Landbrukskontoret i Volda	1		Fiskåbygd Skule	1
Fiskeridirektoratet	1 ✓		Myklebust Skule, Syvde	1
Fiskerisjefen i M & R	1		Rovde Skule	1
Fiskerirettleiaren i Herøy	1		Syltefjord Skule, Sylte	1
Fiskerirettleiaren i Hareid ig Ulstein	1		Øyra Skule, Eidså	1
Fiskerirettleiaren i Frøya m/fl.	1		Aheim Skule	1
Lokalbladet Synste Møre	1		Vanylven Vidaregåande Skule, Syvde	1
Lokalbladet Vestlandsnytt	1		Herøy Vidaregåande Skule, Fosnavåg	1 = 16
Lokalbladet Møre	1			
Statens Fiskarbank	1			
Sande Regnskapskontor, Larsnes	1			
Soarebankregnskap, Larsnes.	1			
Syvde Regnskapskontor, Syvde	1			
Vestlaks, Fiskeoppdrett, Sandshamn	1			
Bringsvorlaks, Fiskeoppdr. Sandshamn	1			
Jan Bugge M/Fl. Fiskeoppdr. Sandshamn	1			
Vanylven Stam og Settefisk, Aheim	1			
Skorge og Bjørge Fiskeoppdr. Aheim	1			
Rovdefisk, Rovde	1			
Starlaks Fiskeoppdrett, Rovde	1			
Juvel Laks, Dalsbygd	1			
Steinsviklaks, Steinsvik	1			
Dalsfjord Fiskeoppdrett, Dravlaus	1			
Kvangardsneslaks, Lauvstad	1			
Johs.S.Gjerdsdal, Austefjorden	1			
Volda Fiskemat, Volda	1			
J.M.Bringsvor, Fiskeforedling, Sandshamn	1			
Mykle Preserving, Fiskeforedl. Sandshamn	1			
Sandanger Hermetikk, Gjerdsvika	1			
Tiltakskonsulent Vanylven	1			
Teknisk Sjef, Vanylven	1			
Teknisk Sjef, Sande	1 y			
Teknisk Sjef, Volda	1			
Kont.for Næringsl. i Volda	1			
M og R Distriktshøgskule, Volda	1 = 37			
SUM	82			

SUM = 98

INNHALDSOVERSIKT

Kapitel 1. Rettledningstjenestens virksomheit og funksjon.

- 1.1 Kontoret
- 1.2 Personalet
- 1.3 Korrespondanse
- 1.4 Møtevirksomheit/viktigste prosjekter
- 1.5 Deltagelse i utvalg, nemder, råd og komitèer
- 1.6 Tjenestereiser utanfor rettledersonen
- 1.7 Fiskerinemnda
- 1.8 Møtevirksomheit i nemnda
- 1.9 Viktige fiskerinemndsaker
- 1.10 Administrative erfaringer med tjenesten i beretningsår

Kapitel 2. Sysselsettingen i fiskerinæringen.

- 2.1 Fiskermanntalet
- 2.2 Sysselsettingen i foredlingsleddet
- 2.3 Sysselsettingen i oppdrettsnæringen
- 2.4 Virksomhet som er avledet av fiskerinæringen
- 2.5 Fiskerinæringens totale sysselsetting
- 2.6 Ytelsar frå garantikassen for fiskere

Kapitel 3. Fiskeflåten.

- 3.1 Merkerregisterdata
- 3.2 Distriktsvis fordeling av fiskeflåten
- 3.3 Konesjonsbilde for kommunen.

Kapitel 4. Foredlingsleddet.

- 4.1 Fiskebedriftene
- 4.2 Råstoff, produksjon, kvantumsutvikling

Kapitel 5. Fiskeoppdrett/akvakultur.

- 5.1 Opprettsdata, .konesjonsoversikt, aktivitetsoversikt.

Kapitel 6. Låne- og finansieringskilder.

- 6.1 Statens Fiskarbank
- 6.2 Andre låne- og finansieringskilder

Kapitel 7. Tiltaksplaner/tiltaksidèer.

Kapitel 8. Oppsummering/status.

1.0 RETTLEIINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON.

1.1 KONTORET.

Kontoret dekkjer kommunane Sande og Vanylven, og frå 1/8-87 også Volda kommune. Hovudkontoret er i andre høgda i "Gamlebanken" på Larsnes. Gamlebanken ligg like ved Sande Rådhus og er kommuna sin eigedom.

I tillegg har ein kontorlokale i kjellaren i Vanylven Rådhus, Fiskåbygd. Kontoret er ope kvar dag frå 0800 til 1545. Sidan kontoret er einmannsbetjent vil ikkje begge kontorlokale verte betjent samtidig. Fast betjening av kontoret i Vanylven er kvar fredag. Dette gjeld frå og med 1987. Tidlegare var fast dag tirsdag. Endringa vart gjort for å tilrettelegge for møte i tekniske utvalg i kommuna.

Hovedkontoret vert dermed betjent alle dagar unntatt fredag. Frå 1.august 1987 vart rettledningsdistriktet utvida til også å gjelde Volda kommune. Endringar i kontorrutinene er ikkje gjort. Volda er tiltenkt betjent frå begge kontor.

1.2 PERSONALE.

Fast bemanning er fiskerirettleiar. Kontoret har ikkje hatt andre tilsette eller tilknytte i meldingåret. (Kontoret vart utstyrt med automatisk telefonsvarar i 1986.) (Kontoret vart utstyrt med PC i 1987)

1.3 KORESPONDANSE.

Registeret for utgåande brev hadde 79 registreringar. Dette er 15 mindre enn året før. Registreringane gjeld kun for brev som kontoret har hatt til behandling. Inngåande post er ikkje registrert, det er heller ikkje utgåande post som forsendelsar av informasjon, søknadsskjema, møte innkalling eller referat til medlemmer og andre.

Kontoret held fast fylgjande tidsskrift. Sunnmørsposten (dagsavis), Fiskeribladet og Fiskaren (to utg.i veka). Lokalavisene Vestavisa (Vanylven), Vestlandsnytt (Sande) og Møre (Volda), alle to utgaver i veka. Ellers månedsbladet Norsk Fiskeoppdrett og Fiskeridirektoratets Fiskets Gang.

Kontoret mottek alle rundskriv og direktiv (j.meldingar) frå Fiskeridirektøren/Fiskeridirektoratet, skriv og meldingar frå Garantikassa for Fiskarar. I tillegg informasjon frå offentlege isstitusjonar og private bedrifter innan næringa.

Informasjonen frå kommunene, sakspapir til møter i Tekn. utvalg, Hamnestyre, og Formannskap utgjer også ein betydeleg del papir. Etter beregning synest kontoret å ha sendt ut omlag 900 brev og mottekje omlag 1300 forsendelsar.

1.4 MØTEVERKSEMD/VIKTIGASTE PROSJEKT.

Fiskerirettleiareren har deltekje på tiltaks- og næringsmøter som har vorte halde i kommunene, fem slike møter er noterte, eit i Sande , to i Vanylven og to i Volda. Møta har vesentleg vore haldne etter arbeidstid. I samband med grunnskulen sin kontakt med yrkeslivet har Fiskerirettleiareren vore på kontaktmøte med to skular i Sande og ein i Vanylven. Rettleiareren har registrert 28 bedriftsbesøk/synfaringar i -87.

1.5 DELTAKING I UTVAL, NEMDER, RÅD OG KOMITEAR.

Møteplikt/reitt til tekniske utvalg førte til deltakelse i 4 møter i Sande, 3 i Vanylven og eit i Volda i beretningsåret. 2 møter i Sande Hamnestyre og eit møte i Vanylven Hamneutvalg. 28 og 29. oktober deltok rettleiaren i militær beredskapsplan-øving i Sande.

1.6 TENESTEREISER UTANFOR RETTLEIARSONA.

1.til 5.februar. PC-kurs ved Fiskeridirektoratet.
Kontormøte med Fiskerisjefen 1/4 og 14/12 i Ålesund.
Fagmøte med Skretting, Ørsta 24/3.
Kveiteoppdrettskurs i Trondheim 3 til 5.juni.
Sildekonferanse i Fosnavåg 25.juni.
Tur til Oppdrettsmessa, Aqua-Nor 13. og 14. august.
Veterinærmøte i Ulsteinvik 17.september.
Fiskesjukdomskurs, Heimdal 2. og 3. November.
Sunnmøre Fiskarlag, Arsmøte, Ålesund 23.oktober.

1.7 FISKERINEMDER.

Fiskerinemdene er valde for perioden 1984 - 1987.

SANDE FISKERINEMD.

1. Jakob Strand, 6077 Gjerdsvik.	Formann.
2. Eivind Kobbevik, 6149 Åram	N.formann.
3. Oddvar Hauge, 6087 Kvamsøy.	Medlem.
4. Gabriel Muren, 6083 Haugsbygda.	Medlem.
5. Sverre Voksøy, 6089 Sandshamn.	Medlem.

VARAMENN: (Ikkje personlege)

1. Martin Nystøyl, Åram.
2. Johann Knotten, Gurskebotn.
3. Odd j. Rovde, Larsnes.
4. Arne Bugge, Kvamsøy.
5. Bård Muren, Gjerdsvik.

VANYLVEN FISKERINEMD.

1. Kåre Krokvik, 6143 Fiskåbygd.	Formann.
2. Knut M. Myklebust, 6140 Syvde.	N.formann.
3. Magnar Voldsund, 6140 Syvde.	Medlem.
4. Per Berge, 6145 Slagnes.	Medlem.
5. Arthur Wik, 6130 Rovde.	Medlem.

VARAMENN: (Personlege)

1. Ove Sivertstøl, Fiskåbygd.
2. Ola Arseth, Eidså.
3. Inge Reite, Syvde.
4. Sivert Sylte, Sylte.
5. Knut Velsvik, Rovde.

VOLDA FISKERINEMD.

Hans Aarset, 6110 Austefjorden	Formann
Erik Ulvestad, 6100 Volda	N.formann.
Ståle Meek, 6120 Folkestadbygd.	Medlem.
Kjøll Viken, 6133 Lauvstad	Medlem
Arne Eidset, 6120 Folkestadbygd.	Medlem.

VARAMENN:

Jørgen Bjerkvik, Berknes.
Gudvin Åsen, Volda
Leif Rot, Berknes.

OVERNEMDE FISKERINEMDER AVSLUTTA SIN VALGPERIODE UT 1987 OG FOR VALGPERIODEN 1988 TIL 1991 ER DESSE NEMDER VALGDE:

SANDE

Faste Medlemer

Gabriel Muren, Haugsbygda, Leiar
Oddleif Vørrén, Sandshamn, N.leiar
Asbjørn Sætrevik, Åram, Medlem
Einar Beitveit, Kvamsøy, Medlem
Bård Muren, Gjerdsvika, Medlem

Varamedlemer

Johann Knøtten, Gurskebotn
Sverre Voksøy, Sandshamn
Martin Nystøyl, Åram
Leif Slettestøl, Kvamsøy
Steinar Gjerde, Gjerdsvika

VANYLVEN

Magnar Voldsund, Syvde
Knut M. Myklebust, Syvde
Arthur Wik, Rovde
Per Voldsund, Eidså
Kåre Krokvik, Fiskåbygd

Leiar
N.leiar
Medlem
Medlem
Medlem

Inge Reite, Syvde
Edvin Takset, Eidså
Elias Øvreård, Syvde
Per Berge, Slagnes
Martin Sekkingstad, Sylte

VOLDA

Arne Eidset, Steinsvik
Rasmus S. Straume, Straumsh. N.leiar
Gunnar Gjøsdal, Lauvstad
Erik P. Ulvestad, Volda
Nelly Yksnøy, Yksnøy

Leiar
N.leiar
Medlem
Medlem
Medlem

Harald Bjørkedal, Austefj.
Jørgen Bjerkvik, Berknes
Einar Magnussen, Lauvstad
Bente Søvik, Lauvstad
Emil Olsen, Volda.

NB. Statens Fiskarbank si takstnemd, sjå del 6 i Årsmeldinga.

1.8 MØTEVERKSEMD I NEMDENE:

På grunn av medlemene sin aktivitet i fiske har nemdene vanskar med samling. Dette gjeld serleg for vårsesongen og Sande Fiskerinemd har serleg hatt vanskar. Ein har forsøkt løyse dette ved administrativ behandling og seinare referert i nemda. Vanskane har for det meste vore at både formann og n.formann har hatt forfall.

SANDE FISKERINEMD:

Det vart halde 4 ordinære møte Det vart behandla 11 ordinære saker, framlegg til fiskarmanntal og klagebehandling av fiskarmanntalet. Det vart referert 54 saker/brev.

VANYLVEN FISKERINEMD:

Det vart halde 3 ordinære møter. Det vart behandla 6 ordinære saker og 15 referatsaker/brev, rullering og klagebehandling av fiskarmanntalet.

VOLDA FISKERINEMD:

Det vart halde 3 ordinære møte. Det vart behandla 6 ordinære saker og 2 referatsaker, ellers rullering av fiskarmanntalet og klagebehandling.

1.9 VIKTIGASTE FISKERINEMDSAKER:

SANDE FISKERINEMD:

- 9 søknader til Fiskarbanken om finansiering.
- 2 søknader om konsesjon i fiske.
- 5 søknader om erhvervsløyve til fiskefartøy.
- 8 søknader om oppdrettsløyve.
- 2 forespørslar frå garantikassa.
- 2 behandlingar til kommunale planar.

VANYLVEN FISKERINEMD:

- 3 søknader til Fiskarbanken om finansiering.
- 6 søknader om oppdrettsløyve.
- 1 søknad om fiskekonsesjon.
- 3 søknader om erhvervsløyve.
- 1 forespørsel frå Garantikassa.
- 1 uttale vedrørende fjord-forureining.

VOLDA FISKERINEMD:

- 3 søknader om oppdrettsløyve.
 - 1 søknad til St.Fiskarbank om lån.
 - 1 uttale til kraft-konsesjon.
- Rullering av Fiskarmanntalet og klagebehandling.

1.10 ADMINISTRATIVE ERFARINGAR MED TENESTA I MELDINGSÅRET.

Arbeidsmengda synest redusert i 1987. Ein vesentleg del av reduksjonen er i redusert arbeid med søknader til dei ulike støtte og tilskotsordningar som fall bort for 1987. Ellers er den tradisjonelle fiskerinæringa inne i redusert tilvekst i forhold til dei siste år med den optimisme som då var å registrere. Det vart heller ikkje nye tildelingar for oppdrett av laks/aure og dei nye artar i oppdrett synest trenge meir avklaring i forskning før kommersiell utnytting er klar. Klarering av dei nye etableringar i settefisk for laks/aure var vesentleg på året før.

Samla sett kan ein derfor karakterisere året som eit heller svakt år arbeidsmessig sett, innan det tradisjonelle arbeidsfelt. Dette har ført til at ein har kunna tekje opp dei nye arbeidsoppgavene vedrørende betre kontakt med kommunene i planlegging og utredning i Tekniske utvalg.

Teknisk Utvalg i dei kommunene som ligg under mitt distrikt er alle hovudutvalg i kommuna med relativt store arbeidsmengder. Møta er i to av kommunene lagt utanfor ordinær arbeidstid og møtehyppigheit for alle omlag annakvar veke. Henvendelsen frå Fiskerisjefen til kommunene vedrørende forsøk på å tillempe fiskerirelterte saker til første del av møtet for å redusere møtetida for rettleiaren, forsøker ein å etterkome.

Under dei rådande forhold i arbeidsmengde innen kontoret synest oppmøte i Teknisk utvalg overkomeleg. Med veksande saksmengde vil større belastning kome på begge felt.

Ein har til denne tid praktisert ei fleksibel ordning med frammøte etter muligheit, om dette kan praktiserast vidare skulle ein kunne halde ein rimeleg regularitet som det no ser ut.

Imidlertid er rutine møtetid i Sande og Volda samanfallande slik at dette kan skape noko problem

Ein meiner å ha mottekje melding frå kommunene at ein vil finne det naturleg, i alle fall i fiskerikommuner at rettleiaren deltek i hamnestyret sine møter som i tekniske utvalg. I dei to gamle kommunene har rettleiaren vore med etter anmodning.

Ein ventar demed regulært fammøte med få unntak kan verte vanleg praksis. Eg ser på dette som svært viktig for kontakt med kommuna. Eg har fått inntrykk av å vere velkomen og håper på godt samarbeid og at begge partar kan få utbytte av samarbeidet. Behandlingsopplegget for oppdrettskonsesjonar er iferd med å kome i gjenge etter omlegging til meir kommunal behandling. For dei artar som ikkje har næringsmessig behandling på fylkesplan kan det frå kommunalt hold hevdast at kommunene burde tilleggast uttale på rasjonell og næringsmessig basis. Ein meiner å ha grunn til å frykte at konsesjonar med lite rasjonelt grunnlag skal båndlegge intressante sjøområde for rasjonelle aktivitetar. Ei løysing på dette vil vere kystsonenplanlegging. Denne planlegging synest vere så kostbar at kommunal økonomi i mitt distrikt ikkje kan forventast å bere det utan høg prioritering. Det arbeid med framskaffing av måle-data som er utført i fylket sin havbruksplan og det arbeid ein er i gang med i LENKA-samanheng kan gjere tilgangen på nødvendige data og vurderingar mindre kostbar for kommunene. Om dette skjer vil planlegging av kystsona vere igang snarleg då kommunene synest vere intressert i arealdisponering av sitt sjøområde. Imidlertid har kommunen enno ikkje planleggingsrett over sjøen då planlova berre gjeld for land og hamnedistrikt etter hamnelova ikkje er godkjent.

Administrativt sett har ein ikkje mottekje klage eller vellåte på kontoret sine vegne i beretningsåret. Om kontoret har fungert godt eller dårlig eller tilfredsstillande er vi ikkje istand til å vurdere då ein manglar grunnlag. Ein vel derfor å tru at det har fungert rimeleg.

2.0 SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA.

2.1 FISKARMANNTALET.

Alle komuner skal sette opp manntal over fiskarar og fangstfolk. Fiskerirettleiaren er manntalsfører i Sande og Vanylven, og frå 1/8-1987 også Volda kommune.

Manntalet er delt i blad-A og blad-B. Blad-A er for fiskarar med fiske som tilleggsyrke, blad-B som hovudyrke. Fiskarane sine sosiale rettar er baserte etter status i manntalet. Blad-B gir fulle rettar, mens blad-A gir sterkt reduserte rettar. I prinsipp er det berre manntalsførde som oppnår status til fiskarane sine rettar etter lovverket. Det er derfor viktig for fiskarar å verte innførde i manntalet. Det er fiskarane sjølve sitt ansvar å melde seg for manntalet både inn, ut og andre endringar. (f.eks. flytting).

OVERSIKT OVER FISKARMANNTALET MED ALDERSGRUPPERING VED UTGANGEN AV ÅRET, 1984, 1986 OG MELDINGSÅRET. (noko redusert for VOLDA)

SANDE

Tekst/Gruppe	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>70	SUM
Blad-A 1984	0	0	0	2	1	8	2	10	23
Blad-A 1986	0	0	0	2	3	9	2	10	26
Blad-A 1987	0	0	0	0	1	12	4	11	28
Blad-B 1984	22	73	37	38	30	13	2	0	215
Blad-B 1986	28	77	37	40	30	11	2	1	226
Blad-B 1987	23	91	32	39	35	8	0	0	228

VANYLVEN

Blad-A 1984	0	0	0	1	1	2	3	5	12
Blad-A 1986	0	0	0	2	3	0	2	6	13
Blad-A 1987	0	0	0	2	2	0	1	7	12
Blad-B 1984	13	36	30	21	19	4	0	0	123
Blad-B 1986	20	49	30	24	21	4	0	0	148
Blad-B 1987	22	57	26	26	18	7	1	0	157

VOLDA

Blad-A 1984									6
Blad-A 1986									2
Blad-A 1987	0	0	0	0	2	0	0	0	2
Blad-B 1984									60
Blad-B 1986									75
Blad-B 1987	10	34	13	13	5	2	1	0	78

Endring over desse siste år er: blad-B.

Antal fiskarar:

Sande 1984-86 auke 11 personar, 86-87 auke 2 personar.

Vanylven --- auke 25 --- , --- auke 9 ---

Volda --- auke 15 --- auke 3 ---

Prosentvis aldersfordeling av fiskarar under 40 år viser:

Sande 1984 61% 1987 64%

Vanylven 1984 64% 1987 67%

Volda 1987 73%

Liknande vurdering for fylket viser for 1987 64%

Dette er då for fiskarar med fiske som hovudyrke, blad-B og viser ei god utvikling for fisket, men kvar vert eldre fiskarar av.

Rekruttering kan ein få eit bilde av ved å måle dei yngste gruppene (under 30 år) mot summen. Under 30 år viste>

Sande 1984 44% 1987 50%
 Vanylven 1984 40% 1987 50%

Dette skulle tilsei betring i rekrutteringa til yrket.

NB. Manglande data gjer oversikta for Volda mangelfull.

VED GARANTIKASSEN FOR FISKARAR ER INNTEKT OG DRIFTSTID REGISTRERT.

For dei fire siste år som er klar viser registreringane.

-----SUM----- *FISKARAR REG* *-----GJENNOMSNIITT--*
 ÅR Driftsd. Innt. GFF. F.mannt. Driftsd. Innt. ÅR Innt. DAG

SANDE

1983	47.704	20.686.080	233	231	205	88.781	433
1984	47.794	22.451.633	235	238	203	95.539	471
1985	41.966	22.425.642	222	224	189	101.016	534
1986	45.582	29.330.263	241	252	189	121.702	644

VANYLVEN

1983	27.588	15.929.810	138	121	200	115.433	577
1984	29.867	16.116.491	162	135	184	99.485	541
1985	29.557	17.873.672	165	139	179	108.325	605
1986	32.457	20.648.003	185	148	175	111.611	638

VOLDA

1983	11.923	5.003.482	68	55	175	73.581	420
1984	Oppgave manglar.						
1985	14.026	7.830.616	86	78	163	91.054	559
1986	14.797	9.248.942	99	75	149	93.424	627

Arbeidskompensasjonen per dag i gjennomsnitt ein auke på:

1983 til 1987: Sande 211,-, Van. 61,-, Volda 207,- Gj.sn. 160,-

SYSSELSETTINGA I FISKE/FANGSTLEDDET 1987

SANDE

Fiskarmanntalet blad-B (et årsverk)	228 årsverk
" " " " blad-A (1/3 årsverk)	9 årsverk
<u>SUM SANDE</u>	<u>237 årsverk</u>

VANYLVEN

Fiskarmanntalet blad-B (et årsverk)	157 årsverk
" " " " blad-A (1/3 årsverk)	4 årsverk
<u>SUM VANYLVEN</u>	<u>161 årsverk</u>

VOLDA

Fiskarmanntalet blad-B (et årsverk)	78 årsverk
" " " " blad-A (1/3 årsverk)	1 årsverk
<u>SUM VOLDA</u>	<u>79 årsverk</u>

2.2 SYSSELSETTINGA I FISKEFOREDLINGA.

(For nærare oversikt sjå kap.4.1.)

SANDE

Årsverk 1984	25	
Årsverk 1985	28	Tilsette: 24 kvinner 13 menn.
Årsverk 1986	27	Tilsette: 25 kvinner 11 menn.
Årsverk 1987	25	Tilsette: 25 kvinner 8 menn.

VANYLVEN OG VOLDA HAR IKKJE FISKEFOREDLING

2.3 SYSSELSETTINGA I FISKEOPPDRETT.

(For nærare oversikt sjå kap. 5.1.)

SANDE

1984	7 årsverk
1985	7 årsverk
1986	7.5 årsverk
1987	9.0 årsverk

VANYLVEN

1984	9 årsverk
1985	9 årsverk
1986	15 årsverk
1987	20 årsverk

VOLDA

1986	27 årsverk
1987	33 årsverk

2.4 VERKSEMD AVLEIDD FRÅ FISKERINÆRINGA.

LINEEGNESENTRALAR.

To lineegnestasjonar kom i drift i Sande kommune i 1986. Sandshamn Lineegnesentral med John Longva som kontaktmann og Åramsundet Lineegnesentral ved Per Inge Nystøyl. Sandshamn med 6 tilslutta fartøy og Åramsund med 4 tilslutta fartøy. Sandshamn sentral kom igang juli-86 og ut året vart det vatna 159.500 krok med fangst 24.720 kg. fisk. Åramsund sentral kom igang i oktober-86 og ut året vart det vatna 258.400 krok med fangst 19.727 kg fisk. For 1987 har ein ikkje pålitelege tal for aktiviteten ved dei to sentralane, men begge har vore i aktivitet. Tilskotet vart redusert og avgrensa til siste halvdel av året. Det alt vesentlege av egninga er sjøvegna slik at det har foreløpig gitt lite tillegg i sysselsetting. For dei tilslutta fiskarane har betra arbeidsforhold og samarbeid gitt betre effekt i drifta.

ANNA VERKSEMD I SANDE

Den vesentlege verksemd avleidd frå fiskerinæringa i Sande er dei 3 mekaniske verksted som vesentleg får sine oppdrag frå fiske ved bygging, ombygging og reparasjonar av fiskefartøy. Plastteknikk er engasjert i oppdrag for fiskeoppdrett, Pla-Ny innan plast og pressenning og Sande Regnskapskontor, Sparebankregnskap innan regnskap.

I årsmelding for 1986 vart det forsøkt tallfeste den sysselsettingseffekt og økonomisk bidrag desse bedrifter gir til Sande og Vanylven avledd frå fiskerinæringa. Slik oppset vart og gjort i 1984 og sidan endringane er relativt små ventar ein at dei tal ein kom fram til er lite endra for 1987.

AVLEDA VERKSEMD I VANYLVEN OG VOLDA

Utanom administrasjon og regnskap for fartøya tilhøyrande kommunen har Vanylven lite sysselsetting frå fiske/fangst. Sjølvpakkinga ved Skorge og Bjørge Fiskeoppdrett gir noko deltids arbeid i pakkeseongen.

Volda har aktivitet i ei større fiskemat bedrift. Denne tok tidlegare sitt råstoff direkte frå fiskar og var dermed karakterisert som fiskeforedlingsbedrift. Inntaket kjem no frå annenhand. Ellers er slakting og pakking av oppdrettsfisk ved Norsk Ørettoppdrrett einaste aktivitet frå fiske .

2.5 FISKERINÆRINGA SIN TOTALE VERKNAD 1987.

SANDE KOMMUNE.

Sysselsett i fiske	237	(Kap.2.1)
Sysselsett i fiskeforedling	25	(Kap.4.1)
Sysselsett i fiskeoppdrett	9	(Kap.5.1)
<u>SUM SANDE 1987</u>	<u>271</u>	<u>*</u>

ØKONOMISK BIDRAG TIL SANDE

Fiskarinntekt 1986	Kr. 29.330.263,-
Omsetn.Fiskeind.-87	Kr. 15.600.000,-
Omsetn.Fiskeopp.-87	Kr. 12.400.000,-
<u>SUM</u>	<u>KR. 57.330.263.-</u>

VANYLVEN KOMMUNE.

Sysselsett i fiske	161	(Kap. 2.1)
Sysselsett i Fiskeforedling	0	(Kap. 4.1)
Sysselsett i fiskeoppdrett	20	(Kap. 5.1)
<u>SUM 1987</u>	<u>181</u>	

ØKONOMISK BIDRAG TIL VANYLVEN

Fiskarinntekt 1986	Kr. 20.648.003,-
Omsetn. Fiskeoppdrett-87	Kr. 16.000.000,-
<u>SUM 1987</u>	<u>KR. 36.648.000.-</u>

VOLDA KOMMUNE.

Sysselsett i fiske	79	(Kap.2.1)
Sysselsett i oppdrett	31,5	(Kap.5.1)
<u>SUM 1987</u>	<u>110,5</u>	

ØKONOMISK BIDRAG TIL VOLDA.

Fiskarinntekt 1986	Kr. 8.248.942,-
Omsetn.Fiskeoppdr.1987	Kr.19.100.000,-
<u>SUM 1987</u>	<u>KR.28.348.942.-</u>

Statestikk og tal som visast i dette avsnitt tilseier at fiskerinæringa har stor betydning for alle kommunar. For Sande kan fiskerinæringa seiast vere hovudgrunnlaget for næringslivet.

2.6 YTELSAR FRA GARANTIKASSEN FOR FOR FISKARAR

Arbeidsløysetrygd, Garantilott og Ferietilskot.
Ytelsar tilført distriktets kommuner, samanligna med fylket og landets gjennomsnitt mot fiskarmanntalet blad B.

<u>ÅR</u>	<u>F.mannt.</u>	<u>A-trygd</u>	<u>G-lott</u>	<u>Ferietilsk.</u>	<u>SUM</u>	<u>Gj.snitt.</u>
-----------	-----------------	----------------	---------------	--------------------	------------	------------------

SANDE

1981	239	60.602	231.600	315.611	607.813	2.542
1982	267	144.754	306.800	499.782	951.336	3.563
1983	213	124.955	578.600	500.886	1.207.441	5.669
1984	215	228.435	447.400	530.209	1.206.044	5.610
1985	201	240.684	380.700	562.875	1.184.259	5.892
1986	226	220.410	746.200	545.902	1.512.512	6.693
1987	228	228.408	468.100	466.800	1.163.308	5.102

VANYLVEN

1981	128	112.098	158.500	164.292	434.890	3.289
1982	137	195.779	115.500	253.332	564.611	4.121
1983	110	135.805	184.000	304.140	623.945	5.672
1984	123	105.818	129.000	292.855	528.573	4.004
1985	129	134.664	196.200	315.305	646.169	5.009
1986	148	215.574	95.600	362.992	674.166	4.555
1987	157	293.322	226.700	325.152	845.174	5.383

VOLDA

1983	60	37.052	78.900	97.199	213.151	3.553
1984	60	85.318	119.900	113.109	318.327	5.306
1985	68	89.280	170.700	120.346	380.326	5.593
1986	75	77.190	169.200	154.986	401.376	5.352
1987	78	102.114	49.800	140.960	292.874	3.755

Landsgjennomsnitt:

1984	7.200
1985	7.900
1986	11.800
1987	9.774

Fylkesgjennomsnitt:

1982	7.164
1983	8.884
1984	6.333
1985	6.432
1986	6.037

3.0 FISKEFLATEN.

3.1 MERKEREJSTERET.

Oversikt over Sande, Vanylven og Volda merkeregister.
Fiskerirettleiaren er merkelovens tilsynsman i distriktet.

Antal etter type, størrelse og endringar frå
Fiskeridirektoratets register.

SANDE

Ar	Opne	Dekka	Sum	<9m	<12m	<20m	<35m	>35m
1985	33	59	92	48	21	12	7	4
1986	29	59	81	45	16	9	7	4
Inn	3	2	5	3	1	0	0	1
Ut	3	4	7	4		1	1	1
1987	29	57	79	44	17	11	6	1

VANYLVEN

1985	23	25	48	29	13	3	0	3
1986	19	22	41	23	13	2	0	3
Inn 1987	0	1	1	0	1	0	0	0
Ut 1987	1	2	3	1	1	0	0	1
1987	18	21	39	22	13	2	0	2

VOLDA

1986	18	10	28	16	9	3	0	0
Inn 1987	0	0	0	0	0	0	0	0
Ut 1987	8	0	8	8	0	0	0	0
1987	10	10	20	8	9	3	0	0

Retten til å ha fartøy i merkeregisteret er kobla til
fiskarmanntalet. Ein må stå i fiskarmanntalet for å ha rett til
merkeregistrert fartøy. Den store nedgangen i Volda i 1987 har
samanheng med dette.

3.2 BYGDAVIS FORDELING AV FISKEFLATEN.

(Eige register)

SANDE

Storleik	Kvamsøy	Sandsøy	Gjerdsvik	Gursken	Larsnes	Aram
Over 35 m	2	0	1	1	0	0
20 - 35 m	1	0	2	0	0	3
12 - 20 m	1	2	3	1	1	1
Under 12 m	7	15	8	15	8	7
SUM 1987	11	17	14	17	9	11
SUM 1986	11	19	13	16	11	13
SUM 1985	14	24	14	18	11	11

VANYLVEN

Storleik	Syvde	Vanylven
Over 35 m	1	1
20 - 35 m	0	0
12 - 20 m	1	1
Under 12 m	20	15
SUM 1987	22	17
SUM 1986	23	18
Sum 1985	27	21

VOLDA

<u>Storleik</u>	<u>Volda</u>	<u>Austefjorden</u>	<u>Folkestad</u>	<u>Dalsfjord</u>
Over 35 m	0	0	0	0
20 - 35 m	0	0	0	0
12 - 20 m	1	0	1	1
Under 12 m	4	8	2	3
SUM 1987	5	8	3	4

BESKRIVELSE AV FLÅTEN OG AKTIVITETSOMRÅDE

Dei 4 fartøy over 35 m i Sande er ein fabrikktrålar (Kvamsøy), ein rekefrysetrålar (Gjerdsvika) og ein skjellskrapar (Gursken). Same fartøygruppe i Vanylven tel 2 fartøy.

Eit ringnotfartøy (Syvde). Dette fartøy er under ombygging til også å delta i kolmuletråling. Det siste av fartøya er utrusta for ringnot kombinert med selfangst.

I neste gruppe mellom 20 og 35 meter har Sande 6 fartøy og Vanylven 0. Av desse 6 fartøy driv 4 autoline, (2 Åram og 2 Kvamsøy) ein småtrålar/reketrål (Åram) og 2 snurrevad (Gjerdsvika). Autolinefartøya hadde eit rimeleg godt år, for dei andre ujamnt og heller svakt. Ressurssituasjonen for denne gruppe har vore god eller i vekst, men utanom lineflåten har ein hatt vanskar med å finne fisken innan dei fangstområde dei arbeidar på. Gruppe 12 -20 meter tel 9 fartøy i Sande og 2 i Vanylven. Dei 2 i Vanylven er eit Kystnot, brisling/sild/makrell kombinert med garn (Vanylven) og eit garn/linefartøy.

Dei 9 fartøy i Sande er 3 utrusta for snurrevad (Gjerdsvika, Haugsbygda) og driv vesentleg det. Dei andre fartøy driv større kombinasjon av line, garn, not, brugdefangst.

Ressursgrunnlaget for denne gruppe synest stadig i reduksjon. Gruppa kan karakteriserast som små bankfiskefartøy og store kystfiskefartøy. Kystressursane synest svikte mest og i bankfiske er fartøya gjerne i minste laget.

Gruppa under 12 meter tel 61 fartøy i Sande og 35 i Vanylven. Denne gruppe er kystfiskefartøy som vesentleg driv lokalt med line, garn, not, juksa, og harpe. Dei best utrusta av gruppa har fått brukbart resultat i dei nære bankfelt med line og garn. Generelt synest ressursgrunnlaget i reduksjon. Storparten av denne gruppe har berre sesongprega aktivitet i kortare periodar. I Volde er den næringsmesseige aktivitet vesentleg for fire fartøy, eit notlag etter sild, brisling med to fartøy eit over og eit under 12 m og to fartøy under 12 m i kyst/fjordfiske. Utanom desse er aktiviteten vesentleg matauk/fritidsfiske.

4.0 FOREDLINGSLEDDET.

4.1 FISKEBEDRIFTENE.

I Sande har der vore aktivitet ved desse bedriftene i 1987.

1. J.M.Bringsvor, Sandshamn Salting/tørking.
2. Mykle Preserving, Sandshamn. Omlegging til fryseprodukt.
3. Sandanger Hermetikk, Gjerdsvika. Hermetikk.

Sandshamnfisk som tidlegare dreiv pakking for Bringsvor A/S har ikkje vore i virksomheit sidan 1985.

I Vanylven er det ikkje foredlingsaktivitet med unntak av Skorge og Bjørge Fiskeoppdrett som har eige pakkeanlegg beregna på sin eigen produksjon. Volda har heller ikkje foredlingsbedriftet med unntak av slakting og pakking av oppdrettsfisk ved Norsk Ørretoppdrett, Lauvstad. Volda Fiskemat A/S, Mork som tidlegare var karakterisert som foredlingsbedrift i fiskerinæringa hadde i 1987 denne aktivitet:

Tilsette: 9 menn 1 kv. = 10, Omsetning 9,0 mill.kr. 11 årsverk.

FOREDLINGSBEDRIFTENE I SANDE, AKTIVITETS-OVERSIKT, 1987.

<u>NAMN</u>	<u>TILSETTE</u>	<u>OMSETNING</u>	<u>ÅRSVERK</u>
J.M.Bringsvor	4 kv. 6 m	7,0. mill.	10,0
Mykle Preserv.	6 kv. 1 m	0,8. mill.	3,0
Sandanger Herm.	15 kv. 1 m	7,8. mill.	12,0
SUM 1987	25 kv. 8 m (33)	15,6. mill.	25,0
SUM 1986	25 kv. 11 m (36)	20,0. mill.	27,25

Mange av kvinnene er deltidstilsette. Menn er heiltidstilsette.

4.2 RÅSTOFF, PRODUKSJON, KVANTUMSUTVIKLING.

Utviklinga for råstoff var store stigningar i prisane mot midten av året, seinare vart prisane ustabile og fallande. Tilgangen i volum har vore tilfredsstillande. Imidlertid er vanskane i markedet generelt aukande med konkurranse og lavare tilbod som stadig set større krav til effektivitet og rett anvendelse av det råstoff ein tek inn. Utviklinga innan tradisjonell produksjon er stagnasjon og søking etter erstatning på "nisjer" i spesialaktivitet for å halde tidlegare aktivitetsnivå.

BRINGSVOR er eit fiskebedriftskonsern med anlegg i andre kommuner. Innan fiskeforedling har J.M.Bringsvor A/S og Sandshamnfisk A/S vore lokalisert til Sande. Produksjonen har vesentleg vore innan saltfisk/tørrfisk. Dei siste åra har serleg tørrfisk vore inne i ei vanskeleg periode med omsetninga. Dette har ført til store lager som har hemma bedriftene. Saltfisk har hatt litt betre forhold.

J.M.BRINGSVOR A/S arbeider vesentleg i tradisjonell fiskeforedling salting/tørking. Siste år har bedrifta fortekte slakting og pakking av laks frå Bringsvorlaks A/S som er del i konsernet. Med dette inslaget er aktiviteten omlag som for 1985. Effektivisering har redusert arbeidstokken med omlag 2 og omlag et årsverk.

SANDSHAMNFISK A/S har ikkje hatt aktivitet sidan 1985.

MYKLE PRESERVING har over fleire år vore inne i omstilling. Bedrifta lanserte nytt produkt i 1986. Ein hadde venta å kome igang med produksjon av dette i 1987. Markedsføring av dette produkt viser positiv utvikling, men synest ta lenger tid enn venta.

SANDANGER HERMETIKK har igjen hatt eit godt år. Aktivitet er stabil og omsetning i auke. Markedet for hermetikk er svært stramt og krev effektiv og rasjonell produksjon.

OVERSIKT OVER FISK LEVERT TIL BEDRIFTENE I SANDE GJENNOM SUNNMØRE FISKESALGSLAG I 1987.

Fiskeslag	Kvantum kg.	Verdi i Kr.
Akkar	0	0
Blålange/brosme	226.280	1.474.791
Hyse	52.537	359.083
Kveite/Flyndre	1.449	8.941
Lange	50.395	596.274
Lyr	1.116	7.319
Sei	193.885	1.349.331
Torsk	50.789	644.066
Diverse	5.499	43.140
SUM 1987	581.950	4.482.945
SUM 1986	585.165	4.373.025

ENDRING I KVANTUM OG PRIS OVER FISK LEVERT TIL BEDRIFTENE I SANDE GJENNOM SUNNMØRE FISKESALGSLAG. 1981-87.

År	Kvantum ton	Verdi (1000 kr.)	Kvantum	Verdi
1981	2.319	11.853	0	0
1982	1.660	5.968	ned 28%	ned 49%
1983	1.310	6.504	ned 21%	opp 9%
1984	1.110	4.826	ned 15%	ned 26%
1985	515	3.246	ned 54%	ned 33%
1986	585	4.373	opp 14%	opp 35%
1987	582	4.483	ned 0.5%	opp 2.5%

Inntaket av fisk til bedriftene i Sande synest stabil dei siste tre år. Prisen har vore stigande til mot utgangen av året, men har vore fallande sidan.

5.0 FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR (HAVBRUK)

5.1 Fiskeoppdrett er etter lov underlagt et konsesjonssystem. Ein må derfor ha tillatelse, løyve eller konsesjon for å drive fiskeoppdrett. Dei tre orda betyr i praksis det same. I oversikt som fylgjer er alle medtekne.

Type	KONSESJONSOVERSIKT.(antal)			1987		
	Sande	Vanylven	Volda	S	Va	Vo
Matfisk Laks/Aure	3	2	3	0	0	0
Stamfisk Laks/aure	0	1	0	0	1	0
Matfisk Torsk	0	1	1	0	0	1
Aleoppdrett	1	0	0	1	0	0
Matfisk Kveite	3	1	0	3	1	0
Settefisk Laks/Aure	0	5	7	0	1	1
Skalldyroppdrett	3	9	15	1	0	0
SUM	10	19	26	5	3	2

NB.Ved dei 27 skalldyrkonsesjonane i distriktet er det liten aktivitet. Dei fleste er under innføring grunna liten aktivitet.

Bak i meldinga finn ein kart over anleggsplassane som er komne i drift i distriktet.

AKTIVITETSOVERSIKT HAVBRUK. 1986. (Anlegg i drift)

SANDE

Anlegg	Tilsette	Omsetning	Arbeidsinnsats
Bringsvorlaks	3	5,6 mill.	3,2 årsverk.
Vestlaks	4	6,8 mill.	5,0 årsverk.
Flatøyfisk (J.Bugge)	1	0 mill.	0,8 årsverk
SUM SANDE 1987	8	12,4 mill.	9,0 årsverk.

Sum Sande 1986 7,5 12,0 mill. 7,0 årsverk.
 For 1985 viste liknande oppsett 7,0 årsverk

VANYLVEN

Van. Stam og Settef.	8	6,7 mill.	7,5 årsverk.
Skorge og Bjørge f.	3	4,8 mill.	4,0 årsverk.
Skorge Ørretoppdr.	1	0,5 mill.	1,5 årsverk.
Starlaks.	2	4,0 mill	3,0 årsverk.
Rovdefisk	4	0	4,0 årsverk.
SUM VANYLVEN 1987	18	16,0 mill.	20,0 årsverk

SUM VANYLVEN 1986 13 12,5 mill 15,0 årsverk.
 For 1985 viste liknande oppsett 9,0 årsverk.

VOLDA

Dalsfj.Fiskeop.	9	4,0 mill.	10,0 årsverk
Steinsvik Laks	9	0,8 mill.	5,0 årsverk
Juvel Laks	5	0 mill.	5,0 årsverk
Straume Fiskeop.	2	3,2 mill.	3,0 årsverk
Norsk Ørretoppdr.	3,5	8,0 mill.	3,0 årsverk
Kvangardsneslaks	2	1,4 mill.	3,0 årsverk
Johs. S. Gjerdsdal	2,5	1,7 mill.	2,5 årsverk
<u>SUM VOLDA 1987</u>	<u>33,0</u>	<u>19,1 mill.</u>	<u>31,5 årsverk</u>
SUM VOLDA 1986	27	12,3 mill	27,0 årsverk

5.2 MATFISK-OPPDRETT LAKS/AURE I SJØEN.

Alle dei åtte anlegg i distriktet har maksimum volum. Dei to anlegg som vart tildelt i 1986 var under oppstarting i 1987. Dei øvrige anlegg hadde full drift i 1987 og samla omsetning vart etter vårt oppsett omlag 33,8 million kr. På fylkesbasis vart det omsett for 354 million kr. frå liknande anlegg. Produksjonsforholda for desse anlegg var svært gode i 1987 utan naturlege plager av betydning. Vinteren 86-87 fekk ein i ytre strøk innslag av uvanleg kaldt sjøvotn, mens vinteren 87-88 har vore uvanleg mild.

Tildeling av nye konsesjonar til denne del er ved konsesjonsrunder. Runde 1985-86 er i behandlingsavslutning og ny runde er ikkje bestemt. Mykje tyder på at ein kan vente ytviding av konsesjonsvolumet til 10-12000 kubikkmeter med det første. Ein kan dermed vente munaleg auke i produksjonen i dei næraste år ved dei etablerte anlegg. Nyttildeling synest vere i emning for 1991-92. (Etter stortingsmelding om Havbruk)

5.3 OPPDRETT LAKS/AURE, SETTEFISK.

5 store og 3 mindre anlegg er i drift i distriktet. 4 konsesjonar er enno ikkje i drift. Nokre av anlegga er i oppstartingsfasen. Grunna stor oppstarting av slike anlegg var det rekna med overproduksjon for komande år. Dette ser ikkje ut til å slå til då etterspørselen synest auke og vanskar i produksjonen har redusert utbudet. Dei anlegg som har unngått sjukdom har hatt, og kan og vente gode resultat i drifta. I distriktet er det enno vasskjelder som kan utbyggast til slik produksjon, og ved nokre av anlegga kan kapasiteten utvidast så det er grunn å vente god vekst i denne del av næringa og.

STAMFISK LAKS/AURE.

Nye forskrifter for stamfisk til Laks/Aure kom i 1986. Etter desse er det to hovuddelingar. Eit opplegg går ut på at eit sentralt avlsråd i oppdrettsforeninga sin regi med fylkesavdelingar får tildelt stamfisk-stasjonar med underanlegg. Vanylvsfisk vart utpeika av dette råd til underanlegg og vil etter systemet få drive avlskonseksjon på 8000 kub.m etter retningslinjer frå avlsrådet. Anlegget er lagt til Slagnesvika, og kom i drift i beretningsåret. Det andre opplegg er at konseksjonsinnehavarar av begge typer i Laks /aure kan søkje om tilleggskonseksjon på 1000 kub.m. for stamfiskoppdrett. Inntil fire søkjarar kan gå saman om et anlegg, ei slik konseksjon kan synest tilfalle Volda, men desse konseksjonar er enno ikkje ferdigbehandla.

5.4 SKJELLDYRKING.

Interessa for skjelldyrking er relativ lav i distriktet. Dette har vesentleg sin grunn i at økonomien er svak for slikt oppdrett. Etter forsøk som gjorde synest vekstforholda vere gode for blåskjell. Problem med ærfugl er ikkje løyste. For østers synest veksten vere i svakaste laget. Den svake økonomien gjer at innsatsen er svak. Det er utdelte mange tillatelsar i distriktet som ikkje har vore i drift og desse er under inndraging. Ein ventar derfor stor reduksjon i tillatelsar når inndragings-runda er ferdig.

5.5 OPPDRETT NYE ARTAR.

Interessa for nye artar er stor i distriktet. Den største interesse er for oppdrett av kveite. Ellers er det ved søknader vist interesse for torsk, ål, kjempereker, og forsøk med slikt oppdrett er igang eller nær foreståande. Piggvar er og til seriøs vurdering, denne er rekna som varmekjær fisk som vil komplisere oppdrett, men både avl av mindre varmekjær fisk og teknikk ved resirkulering synest opne nye muliheiter. Steinbit er og i søkjelyset, saman med fleire andre fiskeslag.

7 slike tillatelsar er tildelt distriktet og 17 søknader under behandling.

Interessa for slik aktivitet er rimeleg fordelt i distriktet og av slik styrke at ein kan vente vekst i anleggsaktivitet innan kort tid.

6.0 LÅNE OG FINANSIERINGSKJELDER.

6.1 STATENS FISKARBANK

Statens Fiskarbank er tiltenkt å vere verktøy for politisk styring av fiskerinæringa.

Som statsbank for fiskerinæringa administrerer banken desse ordningar.

LÅN:

1. prioritet lån	rente 11.5%
2. prioritet lån	rente 10.5% (Eldre tilskotsordn.)
Stønadslån	rente 11.5% (Eldre tilskotsordn, 5 års rente og avdragsfritt)
Likviditetslån	rente 11.5% (Støtte til ny tur)
Driftskreditt	rente 11.5% (Eldre ordning)
Redskapslån	rente 11.5%
Rentesubsidielån	rente 8.0% (Til nybygg og omb.)
Investeringstilskot	Til nybygg med innv. rentesub-lån

STØTTE, TILSKOT: (Etter hovudavtalen med Staten, strukturtiltak)
Kondemnering av eldre uhensiktsmessige fartøy.
Støtte til arbeidsmiljøforbetring ombord.
Støtte til mekanisering av kyst-line-fartøy.
Tilskot til etablering av samarbeids-selskap i fiske.

Oversikt over lånegjeld i St.Fiskarb. kommunevis:

SANDE:

Utestående pr. 31/12.85.	Kr. 26.790.267,-
Utestående pr. 31/12.86.	Kr. 26.427.999,-
Utestående pr. 31/12.87.	Kr. 22.909.727,-

Innvilga lån 1985	Kr. 10.857.981,-
Innvilga lån 1986	Kr. 3.950.000,-
Innvilga lån 1987	Kr. 4.450.000,-

VANYLVEN:

Utestående pr. 31/12.85.	Kr. 11.004.232,-
Utestående pr. 31/12-86.	Kr. 11.689.997,-
Utestående pr. 31/12-87.	Kr. 14.593.415,-

Innvilga lån 1985	Kr. 20.000,-
Innvilga lån 1986	Kr. 3.745.000,-
Innvilga lån 1987	0,-

VOLDA

Utestående pr. 31/12.87.	Kr. 10.680,-
--------------------------	--------------

Innvilga lån 1987	Kr. 0,-
-------------------	---------

TAKSTNEMDER:

Statens Fiskarbank har kommunalt utnemde takstnemder. For perioden 1984-87 er disse utnemde.

SANDE:

Medlemer

Fredrik Både, Sandshamn (Form.)
Eivind Kobbevik, Åram (N.form.)
Jakob Strand, Gjerdsvika (Medl.)

Varamenn

1. Henrik Møller
2. Roar Kvamme
3. Marvin Longva

VANYLVEN:

Kåre Krokvik, Fiskåbygd (Form.)
Petter Knardal, Rovde (N.form.)
Ola Arseth, Eidså (Medl.)

1. Per Berge
2. Arthur Wik
3. Knut M. Myklebust

For perioden 1988 - 1991 er det utnemte nye takstnemder.

SANDE

FASTE MEDLEMER

Steinar Gjerde, Gjerdsvika
Fredrik Baade, Sandshamn (Leiar)
Martin Nystøyl, Åram

VARAMENN

Roar Kvamme, Kvamsøy
Marvin Longva, Haugsbygda.
Mindor Gjerde, Gjerdsvika.

VANYLVEN

Per Voldsund, Eidså (Leiar)
Kåre Krokvik, Fiskåbygd
Svein A. Nordal, Syvde

Per Strand, Eidså
Arthur Vik, Rovde
Petter Knardal, Rovde

VOLDA

Arne Eidset, Folkestadb. (leiar)
Olav Meek, Folkestadb.
Petter Åsebø, Volda

1. Jarle Dalebø, Volda
2. Oddvar Runde, Volda
3. Arvid Nordstrand, Volda

6.2 ANDRE LÅNE OG FINANSIERINGSKJELDER.

DISTRIKTENES UTBYGGINGSFOND har klassifisering av kommunene etter utbyggings-status. Både Sande og Vanylven har utbyggings-status med 25%. Dette tilseier tildeling etter distrikts-skattelova og prioritering i lån og tilskot frå D.U. Fiskefartøy har vore unnatekje D.U.-midlar då desse er mobile anlegg. Ved klassifisering som pionerprosjekt kan desse kome under D.U.-status. Fiskeforedling og fiskeoppdrett har tilgjenge til D.U.-midlar. Søknader og tilsagn i D.U. går ikkje gjennom vårt kontor. I økonomisk oversyn for 1988 frå Næringsavdelinga i fylker har vi henta desse tal.

SAMLA STØTTE FRÅ D.U. FRAM TIL 1/1-1988TILDELING 1987

I heile 1000 kr.

<u>KOMMUNE</u>	<u>SUM TIL KOMMUNA</u>	<u>SUM FISKE</u>	<u>FISKE</u>	<u>KOMM.</u>
Sande	49.890.	8.192.	2.345	9.502
Vanylven	56.191	6.015	2.050	4.234
Volda	45.277	6.050	0	3.249

Fiskeoppdrett har hatt tilgang til Fiskarbanken og D.U. Den vidare utbygging av oppdrettsnæringa er staten tenkt å styre gjennom INDUSTRIBANKEN. Denne er dermed under innarbeiding som hovudbank for oppdrettsnæringa og har etablert kontor i Ålesund.

LOKALE BANKAR har stor betydning for finansieringa av fiskerinæringa lokalt. Toppfinansiering og driftskreditt vert etter det vi kjenner til stort sett garantert frå lokale bankar for alle prosjekt. Utan slik garanti synest finansiering innan fiskerinæringa vere vanskelig, gjerne serleg for nye prosjekt.

Desse banksamanslutningar har avdelingar i distriktet.

SUNNMØRSBANKEN

SPAREBANKEN MØRE

AKSJE-SELSKAP som selsskapsform vert meir vanleg også innan fiskerinæringa. Finansiering ved kommanditt-innbyding vert også brukt i distriktet i tilknytning til A/S.

DISTRIKTSSKATTELOVA sine avsetningar har ikkje vorte tilført fiskerinæringa i distriktet med unntak av lokale avsetningar, så langt vi kjenner til.

7.0 TILTAKSARBEID - PLANAR.

Tidlegare planar om lineegnesentralar vart til realitet i 1986 då to sentralar vart oppretta i Sande.

Tidlegare tiltak for opplæring innan fiskeoppdrett vart og oppfylgt idet to A.M.O-kurs (12 vekers) vart halde ved Herøy Vidaregåande Skule.

Opplæring i fiskebehandling for fiskarar vart og halde ved skulen ved et tre vekers kurs (A.M.O.). H.V.S dekkjer og vidaregåande tilbod for Sande.

Desse kurs er komne igang, to kurs i fiskeoppdrett vart avvikla i 1986 og et kurs i fiskebehandling. Reduksjonen i A.M.O-midlar i 1987 førte til at fiskebehandlings-kurset vart strøke på budsjettet og fiskeoppdretts-kurset redusert til et kurs for året.

Fiskeoppdrett (Havbruk) ventast fortsatt vere det mest aktuelle vekstområde i distriktet. Andre artar enn laks/aure kan ventast verte aktuelle i næraste framtid. Kveiteoppdrett kan synest vere det neste "store" felt. Tilrettelegging for slik aktivitet kan det synest bør tilleggst høg prioritet. Etter foreløbig vurdering kan det synest som oppdrett i landanlegg vert den beste form. Det skulle tilsei at naturleg beskyttelse for anleggsplassen ikkje vert like påkrevd. På denne bakgrunn kan ein forvente at kommunane sine potensielle anleggsplassar for fiskeoppdrett vert utvida til nye område. Interessa for havbruk kan synest vere stor nok i distriktet slik at tiltaks-tiltak på dette felt kan synest unødvendig. Plan-arbeid for tilrettelegging av aktivitet i form av kystsoneplan synest vere det mest påkrevde. Ei er dermed opptatt av å samle dei data ein har til grunnlag for slik planlegging og når fylket og LENKA sender ut sitt innhenta grunnlagsmateriale ventar ein å kunne vurdere oppstart av slik planlegging.

Oppdrett i ferskvatn, då gjerne til porsjonsfisk kan vere eit felt som ein burde innhente meir informasjon om. Vi er kjent med at i Danmark er slik oppdrett utbredt. I utgangspunktet tenkjer ein seg attåt-aktivitet i landbruket. Innan distriktet har ein mindre ferskvasskjelder som kunne vere aktuelle.

Forureining av sjøområda synest å verte meir aktuell. Ikkje at forureininga er for stor, men snarare at den er feil. Alt det organisk omsettelig avfall burde forsøkjast omsett enten i havet eller på andre måtar på rett måte. Problemet er nok at mykje av avfallet inneheld stoff som ikkje kan omsettast i naturen eller er miljøgifter. Havet har stor organisk produksjonskapasitet, men må tilførast biologisk grunnlagsmateriale for slik produksjon.

Kartlegging av forureiningskjelder til sjøområda er nødvendig om ein skal kunne planmessig endre på dei uheldige forhold. Slik kartlegging er i gang på fylkesplan med hjelp frå kommunane og skulle kunne verte grunnlag for kommunal planlegging når den vert avslutta.

Tiltaksarbeid med sikte på å tilrettelegge forureininga frå andre aktivitetar på ein slik måte at uheldig utvikla område kan opnast for havbruksaktivitet bør giast høg prioritet. Ein vonar og at kommunane vil vise den fylkeskommunale havbruksplan stor nok interesse til at det vert eit brukbart grunnlag for vidare arbeid.

Reduksjon i forureining frå havbruk er og problem som må visast interesse. Sterkt i dette bildet står tilrettelegging av avfallsplassar for sjuk fisk som ikkje vert tilatt omsett.

Etter å ha innhenta erfaring med problema og ein meiner å ha ein oversikt bør arbeidet med kystzone-plan startast i alle kommuner i distriktet.

Generell opning for taretråling er nyleg foretekje i distriktet. Denne aktivitet har vore lite påakta i mitt distrikt og er møtt med ulike reaksjonar. Distriktet skulle kunne ha bra forhold for slik aktivitet. Imidlertid kan det ventast noko motstand mot utbygging av denne aktivitet slik at det synest fornuftig å avvente utviklinga noko før ein prøver stimulere til at lokale aktørar vert med.

Tiltaksarbeid innan det tradisjonelle fiske synest ligge i å utnytte marginale ressursar. Med den store reduksjon i det lokale vårtorskefisket som har vore "berekjelken" i det lokale kystfisket kan det synest som om den flåte som er avhengig av dette vil få store vanskar. Marginal-ressursar kan og synest oppbrukte då ein over fleire år har søkt etter slike.

Bankflåten synest vere inne i nedgang både i ressurs og pris på sitt tradisjonelle produkt. Foredling ombord eller tilrettelegging for vidare foredling kan synest som einaste måte å tilføre større fangstverdi, som det med auke i kostnadane er behov for.

8.0 OPPSUMMERING / STATUS.

Samla må 1987 kunne karakteriserast å ha vore eit rimelig godt år for fiskerinæringa i distriktet.

Fangstleddet.

Dei større og godt utrusta fiskefartøy hadde eit godt resultat. For kystflåten og dei mindre fartøy vart resultatet svakt og for enkelte svært dårleg.

Mot slutten av året fikk ein fallande prisar for store deler av flåten og også melding om svakare tilvekst i ressursane slik at framtida kan synest noko usikker. Fornying og tilvekst har vore svak i distriktet.

For fiskarane kan resultatet vere svært varierende for 1987. For Volda og Vanylven som vesentleg har sine fiskarar på den større flåte synest resultatet ha vore godt. For fiskarane på liknande fartøy i Sande viser resultatet liknande resultat. Unntaket her er deltakarar i skjellskraping som fikk store vanskar i 1987. I den mindre flåte er resultatet frå brukbart til dårleg lønnsmessig.

Foredlingsleddet:

Fiskeforedling er inne i vanskelege drifts-vilkår. Dei tradisjonelle marked er i økonomiske vanskar og våre produkt vert for dyre om vi skal vidareforedle. Generelt viser utførsel av fersk fisk stiging, men om det går på bekostning av foredla vare er auken lite fordelaktig.

Bedriftene i distriktet har halde omlag sin vanlige aktivitet over dei siste år, men har hatt liten aktivitetsauke. Dei marked som er gode betalarar i matvarer har mange konkurrerende utbud, og rikelige tilførselar.

Topp kvalitet og godt tilrettelagt produkt synest vere krav ein må etterkome om ein vil vere med.

Utviklinga synest gå mot større andel til eksport som råvare, då våre bearbeidingskostnader er for høge.

Rasjonalisering og effektivisering vert dermed stadig viktigare.

Fiskeoppdrett:

Fiskeoppdrett er inne i god utvikling og veksten i distriktet kan synest god samalikna med næringa ellers.


Den tradisjonelle fiske-art Laks/aure dominerar utviklinga. Aure har hatt stagnasjon slik at laks er mykje einerådande i næringa. Dei nye artar er i kjømda, men foreløbig uten inntektsnivande betyding.

Næringsutøvarane i næringa innan distriktet viser stor dugleik og er innsatsvillige og framtidsretta. Ein kan dermed rekne med at om rammebetingelsane for ny aktivitet eller vekst vert tilfredstilte vil distriktet vere med på dei fleste felt.

FISKEOPPDRETT I SANDE
OG VANYLVEN:

ANLEGGSPlassar:

MATFISK = X
SETTEFISK = □




SANDE

GURSKØY

SELJE

VANYLVEN



FISKEOPPDRETT I VOLDA

ANLEGGSPlassAR:

NETFISK = X

SETTEFISK = □

